



Til
Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Helse- og omsorgsdepartementet	
Saksnr.: 200405135	Dok.nr.: 9
Arkivkode: 088.2	Journ.dato 210205
Avd.: STE	Saksbeh.: KOH
U.off.:	

Dykkar referanse:
200405135-/KOH

Vår referanse:
04/6267

Dato:
17.02.2005

Saksbehandlar:
Anny Skarstein

Telefon:
24 16 35 19

E-post:
ans@shdir.no

Arkiv:

NOU 2004:18 Helhet og plan i sosial- og helsetjenestene. Høyringsutsegn frå Statens råd for funksjonshemma

Vi viser til NOU 2004:18 og høyringsbrev datert 30.11.04, motteke 21.12.04.

Statens råd for funksjonshemma har drøfta saka i rådsmøtet 3.februar 2005. Rådet er i hovudsak positive til utgreiinga og dei tilrådingane som vert gitt, men ønskjer å kommentere følgjande punkt:

- Ordlyden i formålsparagrafen sett i høve til noverande lover
- Bruken av omgrepet tenestemottakar
- Individuell plan og samla vedtak, med vekt på gjennomføring og medverknad
- Kommunane sitt ansvar
- Tilsyn og tilsynsmetodikk
- Sentral samordning og individuelle juridiske rettar

Rådet deler utvalet sitt syn på at eit grunnvilkår for å oppnå god og effektiv samordning er eit einskapleg og samordna regelverk. Rådet støttar difor framlegget om ei felles kommunal helse- og sosialtenestelov. Dei følgjande kommentarane gjeld difor omgrepsbruk og enkelte delar av dette felles regelverket.

Det overordna målet for Statens råd for funksjonshemma sitt arbeid er full likestilling og aktiv deltaking for alle. I høve til dette er formålsparagrafen i den nye lova for fokusert på tenestene og tenesteytarane. Rådet vil ut frå dette gjere framlegg om at innhaldet i Sosialtenestelova §1-1 bokstav b) "bidra til at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre" vert innarbeidd i den nye lovteksten. Ei slik endring vil også harmonere betre med dei delane av lovteksten som handlar om medverknad.

Omgrepsbruk er vanskeleg i et lovverk som dette. Utvalet har valt å bruke tenestemottakar til erstatning for pasient, brukar, klient. Omgrepet har mange føremoner, men også den ulempe at det er ei passiv nemning. Den nye lovteksten skal omfatte mange ulike situasjonar, der tenesteytar og –mottakar har ulike relasjonar til kvarandre, og der mottakaren i større eller mindre grad har både rett og

plikt til å aktivt delta i utforminga av tenestene. Statens råd for funksjonshemma vil difor tilrå at ein ser nøyare på omgrepsbruken, og også vurderer om ein skal nytte ulike omgrep avhengig av kontekst.

Statens råd for funksjonshemma støttar framlegget om samla vedtak, men dette stiller samtidig store krav til planlegging. Erfaringane med individuell plan, slik dei er dokumentert m.a. av SKUR, viser at bruken varierer sterkt mellom kommunane, både når det gjeld kor mange som har individuell plan, innhald, omfang og prosessen kring utforminga. Erfaringane varierer også med omsyn til kor bundne etatane oppfattar seg av vedtaka i planen. Ut frå dette er samla vedtak ein måte å sikre retten til innhaldet i planen. For at eit samla vedtak skal ha den nødvendige tyngde, må det vere forankra i det lovverket som regulerer alle dei aktuelle tenestene.

Rådet støttar fullt ut vurderinga av at dersom det vert opplevd som problematisk å skulle setje opp eit samla vedtak, er ønsket om eit slikt vedtak legitimt og grunngeve. Som følgje av dette trengst ei klar ansvarsfesting av tydeleg og lett tilgjengelege tenester. Kommunane sitt ansvar for å gjere tilgangen til tenestene oversiktleg og eintydig for alle innbyggjarane bør difor gå klart fram av lovteksten.

Statens råd for funksjonshemma støttar utvalet si vurdering av behovet for tilsyn, og har også gitt uttrykk for dette i si høyring til NOU 2004:17 Statlig tilsyn med kommunesektoren. Dei seinare åra har det vore ei vriding bort frå tilsyn på staden og over til systemtilsyn. Dette gjer at tilsynet vert svekka i høve til korleis vedtaka vert gjennomført.

Spesielt når det gjeld tenester til personar som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser og i høve til eit samla vedtak er det viktig at tilsynet kan vurdere om innhaldet i vedtaket tilfredsstillar behova og er i samsvar med intensjonane i lova. Tilsynet må omfatte alle relevante område, og særleg då opplevd tenestekvalitet hos sluttbrukar av tenesta. Vi vil vise til rådet si høyringsutsegn på Sosialtenestelova kap. 4 A: *”Statens råd for funksjonshemma vil også peike på at dei erfaringane som er gjort med Kap. 6A viser at det ikkje er tilstrekkeleg med systemkontroll av desse tenestene, men at det også er behov for stadleg tilsyn med høve til diskusjon omkring praktiseringa av regelverket.”* Lovverket må difor sikre at tilsynet omfattar alle relevante sider og perspektiv.

Denne høyringa gjeld samordning av eksisterande lovverk. Parallelt med dette pågår det arbeid på tilgrensande område, og der endringar på eitt område vil få innverknad på tilgrensande område. Dette vil spesielt gjelde i høve til omorganisering av arbeids- og velferdsforvaltninga, samordning av helsetenester mellom nivå (Wisløffutvalet sitt arbeid), og arbeidet med å vidareutvikle tilboda innan habilitering og rehabilitering. I ein del av desse spørsmåla vil pasienten eller brukaren sine rettar verte sentrale, for eksempel i høve til brukarstyrt personleg assistanse, personleg assistanse og i høve til retten til gjennomføring av tiltaka i ein individuell plan.

Statens råd for funksjonshemma har ved fleire høve peika på at auka desentralisering og kommunalt sjølvstyre også aukar trongen for lovfesta rettar, for at ikkje personar som treng omfattande tiltak og tenester taper i konkurransen om dei kommunale midlane. Talet på unge som bur i alders- og sjukeheimar viser at


finansieringsmodellen for ressurskrevjande brukarar ikkje åleine er nok til å sikre funksjonshemma eit godt tenestetilbod i eigen heim.

Statens råd for funksjonshemma ser det som naturleg at dei tema rådet har kommentert i denne høyringa vert sluttbehandla i samanheng.

Med venleg helsing



Ellinor Sundseth
sekretariatsleiar



Anny Skarstein
rådgjevar